

## Vedlegg 1 – LAV si vurdering av tiltaka 1–57

Titlar er henta direkte frå KLD sitt høyringsvedlegg og lett forkorta der det var naudsynt. LAV sine kommentarar er dei du har oppdatert.

### Tiltakspakke 1 – Heilskapleg arealplan og arealforvaltning (Tiltak 1–11)

#### 1. Tiltak 1: Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

LAV: Støttast. Tydlege nasjonale føringar vil redusere kommunalt handlingsrom til skade for villreinen og sikre meir einskapleg praksis.

#### 2. Tiltak 2: Endringer i rundskriv T2/16 for å bidra til en mer helhetlig og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet.

LAV: Støttast. Må forplikte til reell reduksjon av arealpress, ikkje berre samordning mellom sektorar. Treng tydelege føringar som reelt avgrensar nye inngrep i villreinområde og randsoner.

#### 3. Tiltak 3: Revidere kommunale planer (planvask) og basere fremtidig utbygging på oppdatert kunnskap og en sterkere vektlegging av

LAV: Støttast, men krev oppfølging. Kommunane må få ressursar og støtte til å fjerne utbyggingsområde og gamle hyttefelt i randsona. Kommunane må få ressursar og 'ris bak spegelen' ved manglande oppfølging.

#### 4. Tiltak 4: Oppdatering eller revisjon av regional plan i Hardangervidda villreinområde

LAV: Krev endring. Planen må forankrast i forskrift slik at restriksjonane blir rettsleg bindande, ikkje rettleiande.

#### 5. Tiltak 5: Høy terskel etter sektorregelverk for nye arealinngrep i Hardangervidda villreinområde

LAV: Støttast. Dette må tolkast strengt, nye kraftanlegg, hytter, vegar og fritidsprosjekt skal ikkje godkjennast i eller nær villreinområde. Prosjekt som Rossnos-gondolen og Eidfjord Resort, hytteutbygging på Lufsjåtangen og Vågslid er uforeinlege med villreinhensyn og må stoppast. Pumpekraftverk som sørgar for at vatna også vert hinder vinterstid må inngå i dette.

#### 6. Tiltak 6: Vurdere om villreinnemnda bør gjøres til høyringspart i alle dispensasjonssaker som berører villreinen i Hardangervidda villreinområde

LAV: Støttast. Nemnda har relevant kompetanse og bør alltid høyrast før vedtak som rører leveområda. Men nemnda må styrkast kraftig då den allereie i dag ikkje har kapasitet til å svare ut meir enn berre delar av saksmengda og sjeldan blir tatt til følge.

#### 7. Tiltak 7: Styrking av Norsk villreinsenter som kompetansesenter for villrein

LAV: Støttast. Senteret må langt meir midlar om det skal kunne fylle rolla si heilt ut. Dei har ein unik kompetanse i grenselandet mellom ulike nivå. Dei bør få oppgåve med oppfølging av kvalitetsnorma og lage nye verktøy for evaluering av tiltaka, i samarbeid med andre.

#### 8. Tiltak 8: Dialogforum for villreinforvaltning

LAV: Krev endring. Forumet må ha reell forvaltningskraft og ikkje vere ein pratearena; bør koplast til felles forvaltningsstyre for Hardangervidda.

#### 9. Tiltak 9: Kompetanseheving om villrein for kommunestyre og fylkesting

LAV: Støttast. Viktig for å styrke forståinga for føre-var-prinsippet og naturmangfaldlova. Viktig å framheve villrein som paraplyart for store økosystem som dekker store areal i Norge.

#### 10. Tiltak 10: Samlet vurdering av nasjonale naturrestaureringsprosjekter for å gjenopprette trekk mellom villreinområder og bedre tilstanden til villreinen

LAV: Støttast. Tiltaket må prioriterast og koplast til konkrete restaureringstiltak på Hardangervidda, som fjerning av stiar, vegar og krafttraséar.

#### 11. Tiltak 11: Operasjonalisering av villreinfond

LAV: Støttast. Fondet må få langsiktig finansiering og kunne brukast til gjennomføring av varige stengingar og overvaking.

### **Tiltakspakke 2 – Ferdsl og motorferdsl (Tiltak 12–23)**

#### 12. Tiltak 12: Reduksjon og tilpasning av motorferdsl i utmark i villreinområder

LAV: Støttast, men krev innstramming. Retningslinjene må skjerpast slik at kommunale dispensasjonar ikkje undergrev verneformål og villreinhensyn. Viktig å få oversyn over ferdslen.

13. Tiltak 13: Økt kunnskap og bedre samordning av motorferdsel i utmark i villreinområder

LAV: Støttast. Må etablerast digitalt register og felles system for alle kommunar, gjeld òg offentleg og driftsbasert trafikk. Kommunale løypenett bør avviklast nær randsona.

14. Tiltak 14: Digital saksbehandling og rapportering for motorferdsel i utmark

LAV: Støttast. Regelbrot må følgjast opp. Kontroll må prioriterast i kalvingstid og vinterbeiteområde.

15. Tiltak 15: Betydelig redusert helikopterbruk

LAV: Støttast. Bøt reduserast. Likevel er det viktig at bestandsforvaltninga har mogleghet til oppretthalde statens bestandsmål. Med så store område vert det vanskeleg å nå måla utan noko motorisera ferdsl.

16. Tiltak 16: Revisjon av verneforskrifter slik at adgang til motorferdsel strammes inn

LAV: Støttast. Randsona skal vere buffer, ikkje aktivitetsområde. Kommunal løypenett i nærleiken til randsona bør stengast.

17. Tiltak 17: Utfasing av sanntidstilgang til GPS -posisjoner til annet enn forskningsformål

LAV: Støttast. Dynamisk tilnærming til ferdselsregulering tek ikkje vare på dyret og ein ser at ein må merke nesten alle dyr om dette skal vere representativt. Det er også ein stor feilmargin og forsinkelse på data, der reinen er nomadisk og bevegar seg raskt og menneske set att lukt og spor. Merking påfører dyra traume og vil såleis kunne påverke dyras fluktreaksjonar resten av året. I tillegg er villreinen ein del av større økosystem som og treng hensyn og ro.

18. Tiltak 18: Regulering av ferdsel utenfor verneområder i Hardangervidda villreinområde

LAV: Støttast. Alle myndighetsnivå tren betre verktøy for å styre ferdsel i sentrale område og i randsoner. Kiting, droner og anna tekniske hjelpemiddel sørgar for at mobiliteten er høg i alle delar av året og folk si rekkevidde har auka fenomenalt på tross av naturlege forhold.

19. Tiltak 19: Vurdere regelverksendringer for å muliggjøre regulering av ulike former for ferdsel innenfor verneområder i Hardangervidda villreinområde

LAV: Krev endring. Styring må ikkje føre til auka trafikk. Må kombinerast med reell reduksjon i total ferdsel.

20. Tiltak 20: Ferdse lsrelaterte informasjons - og veiledningstiltak i Hardangervidda villreinområde

LAV: Støttast. Særleg i kalvingsområde og viktige trekk. Forbod må forankrast i forskrift.

21. Tiltak 21: Kanalisering av ferdselen gjennom sti - og løypeplaner i Hardangervidda villreinområde

LAV: Støttast. Kommunane må støttast i arbeidet med implementering og handheving av planen.

22. Tiltak 22: Tilrettelegging for økt sikkerhet, kvalitet og profesjonalitet i guidede reiselivsopplevelser, ved å støtte opp under arbeidet med en Norsk

LAV: Støttast. Informasjon kan støtte tiltak, men utan kontroll og sanksjonar får det liten effekt. Viktig å bruke Norsk villreinsenter som opphav til informasjon og at ikkje kvar aktør lagar sitt opplegg.

23. Tiltak 23: Vurdere styrking av villreinoppsyn og veiledning

LAV: Støttast. Informasjon er viktig, men det må også handhevast at folk fylgjer reglar og råd. Her må NML få ein sentral posisjon i å lære folk god atferd.

### **Tiltakspakke 3 – Bestandsforvaltning og villreinhelse (Tiltak 24–29)**

24. Tiltak 24: Forbedre mengden av og kvaliteten på jegerreporteringer

LAV: Støttast. Kunnskapsbasert forvaltning føreset tett samarbeid. Bør formaliserast.

25. Tiltak 25: Vurdere jaktfrie soner langs veier eller i viktige trekkområder

LAV: Støttast. Nødvendig for å måle effekt av tiltaka og oppnå normoppfylling. Viktig at turiststiar i same områda vert stengde så reinen frå fred også i jaktperioden. Antall jaktfrie soner bør opp.

26. Tiltak 26: Vurdere justeringer i jaktorganiseringen og jaktutøvelsen for å redusere forstyrrelser fra villreinjakten

LAV: Støttast. Viktig, men skal ikkje overskygge hovudproblemet, tap av leveområde og ro.

27. Tiltak 27: Vurdere omfang, tidspunkt og alternative områder for andre typer av jakt, jaktprøver og trening av hund i viktige funksjonsområder for

LAV: Støttast. Gjev uønskt konsentrasjon av dyr og auka smitterisiko. Viktig at hensyn til villreinen vert forankra i regelverk så ikkje lokale forhold avgjer.

28. Tiltak 28: Inngå samarbeid med beitenæringa for å vurdere tiltak som eksempelvis plassering, utsetting og reduksjon av antall saltsteinplasser, parasittbehandling før beiteslipp, områdebruk mv.

LAV: Støttast. Fjerne alt av saltsteinar, stoppe all leigesau og sørge for at all stadbunden sau og andre beitedyr har gps merking.

29. Tiltak 29: FOU -prosjekt om klimaendringers påvirkningar på villrein (inklusive klimatilpassing)

LAV: Støttast. Me treng informasjon om kva effektar reinen og fjelløkosystema opplever no og ikkje minst sett opp mot framtidige endringar. Randsonene med høgareliggande områder og andre kvalitetar ved fjella vil truleg bli viktigare enn me har kunnskap om i dag.

#### **Tiltakspakke 4 – Evaluering og oppfølging (Tiltak 30–31)**

30. Tiltak 30: Evaluering av tiltaksplanen for Hardangervidda villreinområde

LAV: Støttast. Evaluering må vere forpliktande og knytt til kvalitetsnorma for villrein. Dersom måla ikkje blir nådde, skal strengare tiltak setjast inn. Det må skje frå statleg hald.

31. Tiltak 31: Oppfølging og revidering av tiltaksplanen for Hardangervidda villreinområde

LAV: Støttast, men krev presisering og forplikting til kvalitetsnorma.

#### **Tiltakspakke 5 – Nordvest: sommarbeite/kalving (Tiltak 32–40)**

32. Tiltak 32: Tidsavgrensing kvisting av løyper og åpningstider på turisthytter for å bevare ro i vinterbeiteområdene og legge til rette for kalvingstrekk mot nordvest

LAV: Støttast. Dette er heilt avgjerande. Ferdselsforbod må gjerast forskriftsfesta og gjelde alle aktivitetar, ikkje berre organiserte turar. Ein bør ikkje ta hensyn til tradisjonar, som påske i dei viktige og sårbare tidene på året som for eksempel kalvingstida.

33. Tiltak 33: Regulere motorferdsel for å sikre kalvingstrekk til nordvestvidda og for å unngå at motorferdsel fører til unnvikelse til viktige

LAV: Støttast. Stikking må fjernast og motorferdsel reduserast, ikkje berre flyttast. Dette gjeld særleg i Sandfloeggi- og Hårteigenområdet.

34. Tiltak 34: Litlos gjøres om til selvbetjent hytte eller beholdes som betjent hytte med endret markedsføring

LAV: Krev endring. Mellombelse ordningar gir ikkje effekt; Hellevassbu, Litlos, Torehytta og Lågaros må avviklast permanent.

35. Tiltak 35: Vurdere flytting av salteplasser vekk fra viktige trekkpassasjer for villrein blant annet i vestre del av Kvenna , i dialog med beitenæringen

LAV: Støttast, men har liten effekt utan forbod og kontroll. Saltstein bør fjernast heilt.

36. Tiltak 36: Stenge Torehytten og legge ned tilhørende stisystem . Ny selvbetjent hytte vurderes etablert vest for Torehytten

LAV: Krev endring. Toreytta bør stengast, men stiane og hytta bør ikkje erstattast.

37. Tiltak 37: Markedsføring av tilbud til turister. DNT markedsfører ferdsel langs ruter og til turisthytter som ligger utenfor området som prioriteres for villreinen

LAV:Krev endring. Kommersiell aktivitet må flyttast ut av kjerneområda og underleggjast streng regulering. Sentrale villreinområde bør få forbod mot markedsføring. Markedsføringa i randsone bør få svært strenge reglar og tidsbegrensningar.

38. Tiltak 38: Regulere tilkomst på og bruk av Tinnhølvegen for allmen heten

LAV: Støttast, men krev konkretisering. Innfallsportar som Hjølmoberget og Tinnhøl må stengjast eller ha adgang berre for rettshavarar. Avbøtande tiltak kan vere å bruke taxi/skyttelbuss i korte periodar der områda er mindre sårbare.

39. Tiltak 39: Regulere tilkomst på og bruk av veien til Hjølmoberget for allmennheten

LAV: Støttast. Bør bommast, overvakast og stengast for allmenn ferdsel i støre delar av året eller ha adgang berre for rettshavarar.

40. Tiltak 40: Stenge Hadlaskard turisthytte vinterstid

LAV: Krev endring. Bør leggjast ned heilt. Om ikkje må den kunne stengast raskt også ved andre forhold i andre delar av året og bør ikkje inngå i markedsføring.

### **Tiltakspakke 6 – Vinterbeiter nord/aust (Tiltak 41–45)**

41. Tiltak 41: Fortsatt vinterstengt vei over Imingfjell, utsette brøyting til Småroi og utsette vinterbrøyting i Imingdalen. Regulere ferdsel i området i

LAV: Støttast. Kontinuerleg kontroll i vinterhalvåret er avgjerande for å halde roen i beita og hindre ulovleg motorferdsel. Svært viktig beiteområde, som truleg vert viktigare i framtida grunna klimaendringar.

42. Tiltak 42: Redusere/regulere innfallsporter vinterstid

LAV: Støttast. Må gjennomførast som reell reduksjon, ikkje flytting.

43. Tiltak 43: Sonering/tidsbestemt oppkjøring av skiløyper i randområdene (sti og løypeplan

LAV: Støttast. Desse vegane verkar som barrierar for trekk og må stengjast for allmenn ferdsel. SNO eller liknande bør få tildela myndighet til å stenge løyper på kort varsel.

44. Tiltak 44: Videreføre vinterstenging av Seterdalsvegen (Ossjøen )

LAV: Støttast. Randsona skal fungere som buffer, ikkje ekspansjonsområde.

45. Tiltak 45: Kanalisere vintertransport fra riksvei 7 til Heng og Kleivane som innfallsporter

LAV: Støttast.

### **Tiltakspakke 7 – Urørte område i bruk i dag (Tiltak 46–51)**

46. Tiltak 46: Sonering av ferdsel i kalvingsområder i Vinje gjennom kommuneplanens arealdel

LAV: Støttast. Treng økt tilsyn grunna høg mengde turistar i nærleiken.

47. Tiltak 47: Unngå nye stier og utvikling av friluftsliv i områdene mellom Kvenna og Songa

LAV: Støttast. Desse områda er no dei viktigaste leveområda. Det må setjast inn restriksjonar før presset aukar.

48. Tiltak 48: Vurdere å utvide periode for stenging av Kromvikvegen, Bitdalsvegen og Songavegen. Innføre stengeregime for vei til Farastadtippet og Våtippet.

LAV: Støttast, men krev endring. Vegane må bommast med fysisk stengsel, ein bør bruke data frå bommane , GPS-data og teljarar kan nyttast for å halde kontroll. Bør vurderast utvida med tiltak dersom trafikken ikkje minkar. Bør differensiere mellom rettighetshaverar og turisme i andre delar av året også for å redusere desse som innfartsårer til sentrale beiteområde og allmenningar. Falkeriset-stien bør fjernast.

49. Tiltak 49: Overvåke ferdsel på og bruk av Songamagasinet som innfallsport til fjellet

LAV: Støttast. Eit effektivt og konkret tiltak som gir raskt informasjon. Viktig å setja i verk tiltak basera på informasjonen ein får.

50. Tiltak 50: Stenge deler av veien inn Hjordalen

LAV: Støttast.

51. Tiltak 51: Endre dagsturismen fra Mogen til «base -turisme» for å redusere ferdsel til Gjuvsjøen og til Stordalsbu

LAV: Støttast. Særleg viktig i overgangen mellom villreinområde og hyttefelt, der presset er størst. Viktig å ikkje opne for nye stiar langt inn i nye område, men nytte areal som allereie er berørt av infrastruktur.

### **Tiltakspakke 8 – Trekk mellom sesongbeiter (Tiltak 52–57)**

52. Tiltak 52: Regulere telting i flaskehalsar

LAV: Støttast. Dette må prioriterast som statlege prosjekt. Trekkpassasjar er avgjerande for å binde saman vinter- og sommarbeiter. Vernemyndighetier må ha verktøy til å overvake og handheve overvaking og informasjon.

53. Tiltak 53: Forprosjekt for restaurering av trekkveier over vannkraftmagasiner i villreinområdet

LAV: Støttast.

54. Tiltak 54: Vei inn Imingdalen (Bruseterveien): Begrense kjøring på veien for allmenheten vest for Flåtåe

LAV: Støttast.

55. Tiltak 55: Vurdere å begrense tilgang med sykkel på de veiene der biltrafikk en blir regulert

LAV: Støttast. Ein må ein heilhetleg tilnærming til type ferdsel.

56. Tiltak 56: Stenge eller redusere bruken av Hellevassbu turisthytte i sommerarbeiteperioden

LAV: Krev endring. Hellevassbu bør stengast heilt saman med tilhøyrande stinett grunna behovet for å opne opp for dei høgareliggande områda i vest. Dette er eit effektivt tiltak som vil få store arealmessige positive konsekvensar.

57. Tiltak 57: Vurdere å r egulere tilkomst på og bruk av veien Kalhovd -Synken og Kalhovd -Gvepseborg

LAV: Støttast.